


# (4) DAGAR PÅ ÅSEBØSTØL

Synnøve er gardkjerring og småbarnsmor på Åsebøstøl, saman med Hallstein har ho eit arbeidssamt, men trygt og godt liv

Tekst og tone:  
**FREDDIE LANGRIND**



Heim og him - mel på tun og bø, grø-ne bak - kar og tin - de-snø,  
lund å lei - ke, gras å trø og skog som kran - sar om en - ga og on - na.  
Tuf-ta trygg - leik i heim - leg dal heilt frå dem - ring og ha - ne-gal,  
tun-ge øk - ter, bøn og bal, eit liv i san-ning og hei-der for folk og fe.

Heim og himmel på tun og bø, grøne bakkar og tindesnø,  
lund å leike, gras å trø, og skog som kransar om engas og onnas.  
Tufta tryggleik i heimleg dal / heilt frå demring og hanegal,  
tunge økter, bøn og bal, eit liv i sanning og heider for folk og fe.

Bjølleklangen og barnelått, dugurdskvilen i engeslått,  
slipesteinen knirkar trått / den gode, gamle og vakraste visa.  
Tufta tryggleik i heimleg dal / heilt frå demring og hanegal,  
tunge økter, bøn og bal, eit liv i sanning og heider for folk og fe.

Kraft og tålmod bryt stubb og stein. Rytmespel går i tråd og tein.  
Gamaleika, grein på grein, er årvisst flettverk om fortid og framtid.  
Tufta tryggleik i heimleg dal / heilt frå demring og hanegal,  
tunge økter, bøn og bal, eit liv i sanning og heider for folk og fe.

Vesle Dorthe har runda seks, Gjertrud bablar og Hallstein veks.  
Barn er kvar si tids korreks / om kva som rett er i samvær og samtid.  
Tufta tryggleik i heimleg dal / heilt frå demring og hanegal,  
tunge økter, bøn og bal, eit liv i sanning og heider for folk og fe.

© FREDDIE LANGRIND 2015

«SYNNØVE OG KONGEBREVET»